



Vedtekter for næring- og konsesjonsavgiftsfondet i Lærdal kommune

Vedteke av kommunestyret 09.02.2023 (KS – 005/23)

§ 1 Fondskapital og heimel

a) Fondskapital er: Næringsfond med grunnkapital på kr. 205 000,- innbetalt av Østfold fylke i medhald av konsesjonsvilkåra for utbygging av Lærdalsvassdraget, fastsett ved kgl. resolusjon av 7. oktober 1966.

b) Tilføring til fondet:

- Årlege konsesjonsavgifter, som vert innbetalte av Østfold Energi A/S i medhald av pkt. 3 i konsesjonsvilkåra for utbygging av Lærdalsvassdraget
- Renter og anna avkastning av fondskapitalen

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for Kraftfondet og må disponerast i samsvar med vedtektene. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskot.

§ 2 Forholdet til internasjonale regelverk på statsstøtteområdet

All støtte frå næring- og konsesjonsavgiftsfondet (for utanom støtte til landbruk) vert i hovudsak tildelt etter reglar for bagatellmessig støtte. I praksis vil dette sei at ei verksemd kan ikkje få offentleg støtte i form av tilskot, lån eller andre økonomiske subsidiar frå det offentlege utover den øvre ramma som gjeld til ei kvar tid.

§ 3 Føremål

Fondet skal primært nyttast til å fremja etablering av ny næringsverksemd og vidareutvikling av eksisterande verksemder i Lærdal kommune. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak avgrensa til å omfatte:

- Bedriftsutviklingstiltak
- Investeringar i bedrifter
- Kommunalt tiltaksarbeid
- Kommunale næringsretta grunnlagsinvesteringar

§ 4 Bruk av fondet

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til løpande drift i verksemder og kommunen. Det kan gjerast unntak for renter og avdrag på næringsretta investeringar i kommunen, løn til næringsrådgjevar eller tilsvarande stilling, kompetansekjøp av tenester

innan næringsutvikling, forvaltning av fondet og kommunale prosjekt/tiltak som er gjort i tråd med fondet sitt føremål.

Døme på kommunalt tiltaksarbeid og kommunale næringsretta grunnlagsinvesteringar som nemnt §3 kan vere:

- Næringsplanlegging
- Stadutviklingsprosjekt
- Kompetanseutvikling
- Samarbeidstiltak/fellestiltak
- Kjøp og opparbeiding av tomtegrunn for næringsutbygging
- Oppføring og utviding av næringsbygg i kommunal eller privat regi
- Planlegging og utbygging av næringsareal, sentrumsområde, bustadområde og anna

Ingen har krav på tilskot frå fondet. Alle prosjekt/tiltak vert vurdert i forhold til effekten det har, lønnsemd og konkurransesituasjonen i kommunen.

§ 5 Stønadsformer

Stønad kan gjevast som tilskot eller lån. Frå midlane som vert tilført fondet kan det òg gjevast tilskot og ansvarleg lån/lån på vilkår. Tilskotsdelen må vere regulert i årlege handlingsplanar.

Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekke renter og avdrag på lån til eller løpande drift. Det bør ikkje gjevast støtte til verksemd som mottek betydelege overføringar over statsbudsjettet. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg og liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

§ 6 Stønadsvilkår

Samla stønad (lån og/eller tilskot) frå fondet til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje utgjere meir enn 50 % av samla kapitalbehov for prosjektet.

Lån vert berre løyvd når størrelsen på nærings- og konsesjonsavgiftsfondet tillèt det. Lån vert løyvd frå midlar sett av til næringsstilskot i årleg budsjett.

Lån frå kommunen skal berre nyttast som toppfinansiering, og i hovudsak i kombinasjon med lån frå andre institusjonar, som til dømes Innovasjon Norge eller bank. Kommunen skal vente med å gje lån til dei andre instansane har gjort si vurdering.

Rentesats vert satt ut i frå NIBOR + 3mnd med eit påslag, der samla rentesats ikkje skal konkurrere med bank. Fastsetting av rentesats vert gjort på lånetidspunktet.

Nedbetalingstid vil variere mellom 3-10 år, ut i frå størrelse på prosjektet. Det bør ikkje vere over to millionar til saman i lån frå næringsfondet til ei verksemd/eit engasjement/ eit tiltak. Heile lånet forfell til betaling dersom lånevilkåra vert misleghaldne eller det vert handla i strid med føresetnadane.

§7 Krav til søknad om stønad

Som vedlegg til søknaden, skal det leggest ved ein forretningsplan som gjer greie for:

- Bakgrunn og mål for tiltaket
- Behovs- og marknadsvurdering
- Tids- og aktivitetsplan
- Oversikt over investeringar og andre kostandar, med finansieringsplan
- Driftsbudsjett over 3 år
- Risikovurdering
- Eksisterande verksemder skal leggje ved siste års rekneskap

§ 8 Sakshandsaming

Alle søknader skal ha svar med orientering om framdrift og sakshandsamingstid i samsvar med forvaltningslova sine reglar. Ved tildeling frå fondet skal det leggest vekt på:

- Tilhøve til gjeldande samfunns- og næringsplan og/eller vedtekne planar og satsingar
- Om tiltaket baserer seg på Lærdal sine strategiske konkurranseføremoner
- Grøn omstilling, miljø og klimareduserande tiltak
- Om tiltaket gir positive ringverknader for næringslivet i kommunen
- Om tiltaket gjeld fellestilltak for fleire verksemder/næringar
- Om tiltaket har ein positiv sysselsettingseffekt, særleg heilårsarbeidsplassar
- Om tiltaket fører til lønsam produksjon av varer eller tenester
- Om tiltaket har eit godt underbygd marknadspotensiale
- Om tiltaket tek sikte på kompetanseheving og bedriftsutvikling
- Evna søkjar har til å gjennomføra tiltaket
- Om søkjaren er kvinne eller ungdom

Det vert ikkje gjeve tilskot til tiltak som er sett i verk før søknad er sendt til kommunen.

Ved tildeling frå fondet skal det setjast vilkår for tildeling:

Det kan krevjast tilbakebetaling av tilskot dersom verksemder som får tildelt tilskot går ut av drift, eller flyttar frå kommunen, innan to år etter at beløpet er utbetalt.

§ 9 Forvaltning

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggest vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter vert å tilbakeføre til fondet.

Søknadane vert handsama tre gonger i året innanfor budsjetttramma. Søknadsfristane er 1. januar, 1. april og 1. september.

Kommunen si økonomiavdeling fører rekneskap for fondet. Rekneskapen for fondet er ein del av kommunen sin rekneskap og skal reviderast av kommunen sin revisor. Budsjett og rekneskap skal utarbeidast i tråd med gjeldande lovverk, regelverk og forskrifter.

Vedtak i saker som gjeld søknad om stønad frå fondet er enkeltvedtak etter § 2 i forvaltningslova, og kan påklagast etter § 28 i forvaltningslova. Kommunestyret er klageinstans ved klager på tildelingar vedteke av formannskapet. Formannskapet er klageinstans på vedtak om tildelingar som er delegert til rådmannen.

§ 10 Fullmakter

Formannskapet har rolla som fondstyre. Kommunedirektøren innstiller saker til fondstyret. Søknadar med søknadsum på under 20 000 kr. vert ikkje handsama. Dette gjeld ikkje søknadar som er retta mot landbruk.

Kommunedirektøren har fullmakt til å løyve inntil 25 000 kr. I kurante saker, eller saker der det er heilt klart at søknaden ikkje er i tråd med reglar for næring- og konsesjonsavgiftsfondet har kommunedirektøren fullmakt til å avslå søknaden. Saker som er avgjorde av kommunedirektøren skal refererast i fondstyret. Fondstyret tek avgjerd i saker som går utover rådmannen sine fullmakter.

Administrasjonen har fullmakt til å setje vilkår og følgje opp desse for tilskot og lån innafor dei til ein kvar tid gjeldande vedtekter og reglar for næring- og konsesjonsavgiftsfondet.

§ 11 Utbetaling

25 % av tilskotet vert utbetalt når søkjar har returnert eit signert skjema for stadfesting av vilkår til kommunen

Søkjar kan få utbetalt ytterlegare 50 % av tilskotet når søkjar kan dokumentere at minst 50 % av budsjetterte kostnader er utført.

Resterande 25 % vert utbetalt når søkjar har sendt ein kortfatta rapport med stadfesta rekneskap til kommunen. Rekneskapen skal vere stadfesta av rekneskapsfører.

§ 12 Årsmelding

I samband med årsmeldinga og årsrekneskapen til Lærdal kommune, skal det rapporterast på bruk av fondet, aktivitet og rekneskapen skal syne fondet sine inntekter og utgifter.

§ 13 Godkjenning av vedtektene

Endring av vedtektene skal gjerast av kommunestyret.